

Quizopning med heimesiger

22.06.2011



Trioen som vann: Odd Steinar Arnesen, Bjørn Bringedal og Kjetil Hauge

Det vart ingen knalloping av quiz-sesongen i bygda og det var heller ikkje venta. Berre 3 lag stilte ikveld opp på Systrene Nilsen der folk får trimme hjernecellene sine på onsdagane heilt fram til veke 33.

Men ein må kalla sigeren til trioen King Kenny ein heimesiger ettersom det også kom deltakarar utanfrå. Odd Steinar Arnesen, Bjørn Bringedal og Kjetil Hauge vann med eit fattig poeng foran Løkpølsene medan Vinnarlaget vart vist til tredjeplasen.

Men det bør bemerkast at det siste laget var sterkt handicappa ettersom ein av dei 5 kategoriane var ekstremt lokal. Laget hadde ingen føresetnadjar for å svara på spørsmåla der. Difor gjorde dei det relativt bra.

Ei kategori som heller ikke var så lett å knekka var ein som handla om kroppen vår. Den var både spennande og interessant og var innom blod, hud, sædceller, eggceller, bein, hår og kaloriar for å nemne det meste. Den dyktige 'programleiar' Bjørn Sturle Hillestad skal ha ros for å ha klekka ut ein slik kategori som han treffsikkert kalla svært lokal. Det er grunn til å venta enda meir lokale spørsmål om kroppen neste onsdag.

Ellers var spørsmåla denne gongen relativt overkommelege. I den lokale bolken var det mellom anna spørsmål om når galeasen Gurine vart bygd og kor mange kyrkjer det er i Kvinnherad. Musikk-spørsmåla var verre med unnatak av spørsmålet om kva Kaizers-trommisen frå Husnes heiter. Historiebolken var derimot hellere lett med til dømes spørsmål om når Sverige gjekk over til høgrekøyring.

Under sporten var det spørsmål om sporten til Jan Stenerud og plaseringen til ishockeylandslaget i VM.

Skal vi tippe at det kjem 3 gonger så mange lag neste onsdag?

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen